

KONTROLLUTVALET I SKODJE KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 17.10.2018, kl. 17.00 – 18.30

Møtestad: Skodje rådhus

Møtet vart leia av Rolf Liebich.

Elles til stades: Inge Øye og Pål Aarsæther

Janne Gommesen og Rannveig B. Stavset hadde meldt forfall.

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte revisor Anne Nygård

Frå kommunen møtte ordførar Dag Olav Tennfjord, ass. rådmann Malin Piegsa og økonomisjef Lars Fylling.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Kontrollutvalet bestemde å behandle sak 20/18 etter sak 17/18, deretter sak 19/18, sak 18/18 og til slutt 21/18. Inge Øye og Pål Aarsæther hadde ynskje om å ta opp noko under eventuelt.

Sak 16/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 26.06.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 26. juni 2018 blir godkjent.

Sak 17/18 - Revisjonsstrategi 2018 for Skodje kommune.

Saksdokumenter frå kontrollutvalsekretariatet datert 10. oktober 2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek rapportene til orientering. Kontrollutvalget fremhever den fokus som er nevnt i overordnet revisjonsstrategi 2018 og påpeker viktigheten av at dette blir teke med vidare.

Sak 20/18 - Oppfølging av sak 07/18, punkt 3; situasjonen ved Furelia

Ordførar Dag Olaf Tennfjord redegjorde nærmere for det arbeidet administrasjonen i samarbeid med Fylkesmannen hadde gjort i denne saka. Vidare fekk utvalet ei orientering om korleis kommunen vil handtere dette vidare.

Leiar Rolf Liebich fremja følgjande forslag:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande og ber om å bli halden orientert vidare.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande og ber om å bli halden orientert vidare.

Sak 19/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.

Saksdokumenter frå kontrollutvalsekretariatet datert 10. oktober 2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Sak 18/18 - Budsjettforslag 2019 for Skodje kontrollutval.

Saksdokumenter frå kontrollutvalsekretariatet datert 10. oktober 2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 45.000,-

Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2019 men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr Forskrift om kontrollutvalg i kommuner, § 18 budsjettbehandlingen.

Sak 21/18 - Referatsak; kommunestyresak 52/18 nyval av kontrollutval

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek referatet til vitande.

Eventuelt:

Inge Øye bad om ei forklaring på kvifor deler av ROS analysa som var presentert i førre kommunestyre møte i Skodje var untatt offentlegheit. Assisterande rådmann svarte at dette var gjort med bakgrunn i «objekt lista» som ein meinte innehalde sensitive opplysningar. Inge Øye vil vurdere å ta opp dette på nytt i neste kontrollutvalsmøte.

Pål Aarsæther bad om ei orientering av rådmann på neste møte omkring karaktersetjing i Skodje skulane. I år oppnådde ungdomsskulen særskilt gode resultat. Tidlegare var det eit sprik mellom eksamens- og standpunktakarakterar, han ønskete å fylgje opp denne saken og få ei orientering om situasjonen i år.

I tillegg ønskete han å få en orientering over bruken av pedagogisk personale utan kompetanse i faga dei undervisar i. Dette gjelder både barne- og ungdomskulane i kommunen, også dei private, viss kommunen har tilsynsmynde over dei.

Vidare bad kontrollutvalet om at rådmann på neste møte gir ei utgreeing på korleis kommunen stiller diagnosar/handterer registrering av psykisk utviklingshemma, ref. Tolga saka i media.

Neste møte blei avtalt til onsdag 12. desember 2018, kl. 17.00, rådhuset

Rolf Liebich
leiar
(sign.)

Inge Øye
nestleiar
(sign.)

Pål Aarsæther
medlem
(sign.)